


# JUNGELOBOKA



Nasionalbiblioteket  
Depotbiblioteket

# JUNGELBOKA



**ADIL**



# jungelboka

Etter Rudyard Kiplings forteljingar  
Dramatisert av Alexander Mørk-Eidem

Omarbeidd av Erik Ulfsby, Line Grünfeld og Ola E. Bø

**MOWGLI**

**adil**

**DANDY**

**niklas gundersen**

**CANDY**

**jonas digerud**

**SHERE KAHN**

**svein roger karlsen**

**KAA**  
**urikke h døvigen**

**THUU**  
**yavuz topuz**

**BAGHEERA**

**lars jacob holm**

**bernhard ramstad**

**AKELA**

**RAKSHA**

**elisabeth sand**

**BALOO**

**geir kvarme**

**jon eivind gullord**  
**TABAQUI**

**GRIBB**

**liv-ellen h kahrs**

**rune svendsen**  
**TAKHAR/GRIBB**

**yavuz topuz marcus andreassen**  
**mathias jin budtz jens jeffry trinidad**  
**ULVAR OG APAR**  
**sandra gerecke thea bay**  
**liv-ellen h kahrs**

**MUSIKARAR**

**lars larssen naumann**  
**ruben dalen**

Innhoppar (swing): Belinda Braza/Lars Johansen Aastebøl


ke: Dansar og skodespelar

em utvalde merittar:

- Vinnar av NM i 1999 og Scandinavian B-boy of the year 2001
- Vinnar av Dansefeber på TVNorge (2006)
- IZZAT - en kjærlighetsopera på Den Norske Opera (2006)
- West Side Story på Oslo Nye Teater (2006) og Nøtteknekeren på Oslo Nye Centralteatret (2007)
- @lice på Riksteatret og Rikskonsertene (2008)

Favorittjungelsko: Converse Allstars

## QFIB kvårme



Yrke: Skodespelar

Fem utvalde merittar:

- Canapee walking i Sør-Afrika (ei bragd for ein med høgdeskrekk)
- *Enigmavariasjoner* på Oslo Nye Teater (2001)
- Gitt Kjetil Bang-Hansen min fulle og helle tillit (i det minste ein gong)
- Tatt flytimar. Dritskummet!!!
- Skrive denne merittlista

Favorittjungelsko:  
MBD-sko (masaisole)

Regi: Erik Ulfbsy  
Scenografi: Even Børsum  
Kostyme: Ingrid Nylander  
Koreografi: Belinda Braza  
Lysdesign: Terje Wolmer  
Maske- og parykkdesign: Stig Wedvik  
Lyddesign: Christopher Woxholt

Musikalsk ansvarleg:  
Svenn Erik Kristoffersen  
Musikkprodusent: Atle Halstensen  
Programmering/lyddesign/komposisjon:  
Peter Baden og Lars Larssen Naumann  
Musikalsk innstudering: Ståle Sletner

Inspisient: Per Berg-Nilsen  
Lysmeistrar: Rune Aspeggen/  
Dag Sigurdsson  
Rekvisitør: Tone Bernhoft Osa  
Sufflør: Sissel Lillo-Stenberg  
Scenekoordinator: Daniel Rønning  
Kostymekoordinator: Kirsten Høidahl  
Språkkonsulent: Unn Røyneland  
Regiassistent: Line Grünfeld


Forlag: Colombine Teaterförlag  
Originaltittel: *The Jungle Books*

**Noregspremiere**  
**9. oktober 2008**  
**på Hovudscenen**

Foto: Marius Hauge  
Bilda er tatt i prøvetida

Programredaksjon:  
Erik Ulfbsy, Even Børsum,  
Margunn Vikingstad,  
Ida Michaelsen.  
Grafisk formgjevar:  
Knut-Jarle Hvitmyhr  
Trykk: Merkur-Trykk AS

## SVEIN ROGER KARISEN



Yrke: Skodespelar

Fem utvalde merittar:

- Ni sesongar som sjølvaste Kaptein Sabeltann
- Rolla som Kaptein Krok i *Peter Pan* (endå slemmare enn kaptein Sabeltann) på Det Norske Teatret (2007)
- Bygd to soverom til barna til musikksjef Svenn Erik Kristoffersen (der har eg ei høg stjerne!)
- Klatra til topps på Romsdalshorn (1555 stupbratte meter over havet)
- Stor stas å få spele Shere Kahn i *Jungelboka*. Det beste med rolla er at eg får trakassere min venn og kollega Jon Eivind Gullord fem kveldar i veka

Favorittjungelsko: Handsydde italienske sko,  
perfekte i storbyjungelen

# laRs jacob HOLM



Yrke:  
Dansar og  
skodespelar

Favoritt-  
jungelsko:  
For Bagheera  
duger det  
meste med  
høge hælar.  
Sjølv går eg  
for noko  
hakket meir  
solid!

#### Fem utvalde merittar:

- Zolen i *Bør Børson* på Det Norske Teatret (2001)
- Dansar i samtidsdansk kompaniet Ingun Bjørnsgaard Prosjekt
- Koreografi på *Den fjerde nattevakt* på Den Norske Opera (2005)
- Doktor Rank i *Et dukkehjem*, Teater Ibsen, framsyning i Beijing (2006)
- Tildelt Statens arbeidsstipend for yngre kunstnere for tre år.



**ERIK  
ULFSBY**



Yrke: Regissør

- Fem utvalde merittar:
- Ole og Jonas, dei to mirakelbarna mine
  - Tresnekka eg held flytande år etter år
  - Regidebuten med Oleanna i Molde (2000)
  - Heddapris og Komipris på same helg (2006)
  - Komiprisen for Med ræven i fatle (2007)

Favorittjungelsko: Jungelsandalane mine

# Mowgli i storbyjungelen

regissør erik ulfsby i samtale med dramaturg ola e bø

Med *Jungelboka* (1894-1895) skapte den engelske forfatteren Rudyard Kipling (1865-1936) ei av dei mest lesne barnebøkene i verdslitteraturen. Sjølv var han fødd i India, der handlinga opphavleg går føre seg, og reiste seinare på kryss og tvers i landet som journalist. Med *Jungelboka*, og seinare den fascinerande skildringa av den foreldreause guten Kim (1901), leverer Kipling to særigne oppvekstskildringar med ein djup humanistisk grunntone, jamvel om skjønnmaling av britisk imperialisme var godt innbakt. Han fekk Nobelprisen i litteratur i 1907.

*Jungelboka* har fleire gonger inspirert folk over heile verda til å lage både film, teaterstykke og teikneseriar. Tor Åge Bringsværd laga sin versjon *Mowgli* for Riksteatret tidleg på 80-talet, og her på teatret laga vi for eit lite tiår sidan ein musikalversjon signert Arne Lindtner Næss.

Når Alexander Mørk-Eidem med sitt grep flyttar historia frå den frodige, romantiske jungelen, med sine gløymde ruinbyar, til ein gold og menneskeøydelaagd storbyjungel med menneskeliknande dyreskapningar, kan vi sjå at også teatret har ein forteljartradisjon der soga går frå munn til munn.

- Kva er det så som lokkar instruktøren Erik Ulfby til denne nydramatiseringa?

- Utanom sjølve grunnhistoria, som ikkje er meir original enn at eit ungt menneske prøver å finne seg sjølv, så var det dei nye rammene for denne sjølvrealiseringa som først tænde interessa. Ved å leggje handlinga til ein

**EVEN  
Børsum**



storbyjungel som er prega av menneskets kvelartak på sin eigen sivilisasjon, kan ein begynne å leike med sjøve jungelmetaforen som uttrykk for det ukjende, det skremmande, det mentale villniset.

Vi snakkar gjerne om ein jungel av inntrykk, ein jungel av uttrykk, ein jungel av tilbod og moglegheiter, for unge menneske i dag er det desse junglane det dreiar seg om meir enn lianejungelen. Skal ein først gå laus på dette stoffet, må ein finne eit formspråk som kan føre denne enkle historia inn i vår tid, og der formspråk og karakterar gir ein høve til å leike med medieklesjear og sitat som våre moderne kvardagsforteljingar er så fulle av.

Mowgli blir oppfostra som ulv, han lærer seg jungellova, han får opplæring og vern av Baloo og Bagheera, dei loser han gjennom ei verd som er farleg og der han elles ville gått til grunne. Dette gir han ein identitet og ein tryggleik som ikkje kan vare ved, den er falsk. Før eller seinare må han stå på egne bein, lære kven han eigentleg er, bli vaksen, om du vil. For at denne universelle historia skal få eit visst trykk, noko som kan minne om eit ubehagleg nærvere, trur eg det er nødvendig å bruke innpakkingsgrep som publikum kan identifisere seg med.

- Du nemner bruk av medieklesjear, korleis?

- Ja, for eksempel bruken av kjende, moderne filmfigurar og referansar til TV- og dataspel, men kanskje aller mest gjennom lydbildet og bruken av musikk. Her boltrar vi oss uhemma i kjende hitar og tekstpoeng. Vi har i det heile tatt "shoppa" formelement slik ungdommen gjer det når dei til dømes samplar musikk,

- Typisk urbane historier på Det Norske Teatret får ofte fram dei verste tvangsførestellingar hos dine yrkesbrør og -søstrer, verkar dette kjent?

## BELINDA bráza

Yrke: Koreograf  
og dansar



Fem utvalde merittar:

- Dansar i *Fame* på Chat Noir (2004)
- Dansar og songar i *Det folk vil ha* på Det Norske Teatret (2005)
- Skodespelar i *Fruen fra Det indiske hav* på Oslo Nye Centralteatret (2006)
- Koreograf for *So you think you can dance* på TVNorge (2008)
- Den nydelege sonen min Benjamin som kom i 2004!

Favorittjungelsko: Nike blazer in any colour!  
Gode å gå og danse !!

Yrke: Scenograf

- Fem utvalde merittar:
- Kong Lear på Den Nationale Scene (2000)
  - Hamlet på Nationaltheatret (1998)
  - Rebekkas saga på Teater Replica i Stockholm (2001)
  - West Side Story på Oslo Nye Teater (2006) og på Trøndelag Teater (1998)
  - Segla Færderseilasen!

Favorittjungelsko:  
Del brune lakkskoa mine







## INGRID nylander

Yrke: Kostymedesignar

Fem utvalde merittar:

- *Jakten på nyrestein* (norsk barnefilm, 1996)
- Fekk verdas beste son – Kasper – i 1999!
- *La Cage aux Folles* på Oslo Nye Teater (2004)
- *Mesteren og Margarita* på Rogaland Teater (2005)
- *Det tusende hjertet* på Rogaland Teater (2007)


Favorittjungelsko: Jungelsko!

- Ja, eg må innrømme at eg lurte litt. Ein blir lett engsteleg når ein nærmar seg nynorsk-teatret med eit stoff ein vil skal vere moderne og kjapt. Men så forstår ein etter kvart at det språklege mangfaldet som ligg i botnen for dette teatret, uttrykkjer tonen i storbyen vel så nært som ein eller annan urban klisjé. Så da vi kasta oss ut i den språklege leiken, gav det ein heilt eigen energi og eit høve til å spele på språklege stereotypiar for å uttrykke forholdet mellom dyr og språk, som til dømes ein streifbjørn frå Trysil og sjølvsentrerte vestkantapar.

- *Det fysiske uttrykket i denne oppsetjinga talar vel også sitt tydelege språk?*

- Både i valet av artistar, koreograf og skodespelarar har vi vore ute etter eit tydeleg dansebasert uttrykk, slik at heile forteljinga får ein særeigen puls og rytme. Mange unge i storbyen fortel kven dei er nettopp gjennom rytmiske utspel. Å velje Adil til rolla som Mowgli er kanskje det mest bevisste valet for å kunne snakke dette språket skikkeleg. Han er ein sjeldan fysisk kapasitet og eit funn for teatret.

## TERJE Wolmer



Yrke: Lysdesignar

Fem utvalde merittar:

- Krinsmeister i fotball for juniorlag i 1979
- Sykla Styrkeprøven Trondheim - Oslo ti gonger
- Blitt gift og fått verdas tre flottaste barn
- Fått høve

til å gjere lysdesign på så mange av Det Norske Teatrets større og mindre produksjonar

- Framleis kunne gå til ein meiningsfull og givande jobb kvar einaste dag

Favorittjungelsko: Sandalar

# JONAS "candy" digerud



Yrke: Songar, dansar, skodespelar og koreograf

Fem utvalde merittar:

- Den kjære dottera mi Aurora
- Kjæraften min Randy
- Rolla som Cosmos Brown i *Singin' in the Rain* på Oslo Nye Teater (2008)
- Jobba for helten min Michael Jackson i 1997 (remix av låten *Blood on the Dancefloor*)
- Hoppa 30 meter på dei gule Kneisselskia mine då eg var 10 år gammal

Favorittjungelsko: Hugo Boss Silver Edition  
100% Calfskin storleik 42





Yrke: Skodespelar, dansar og koreograf

**NIKLAS**  
gundersen

Fem utvalde merittar:

- Mykje fint på Det Norske Teatret: *The Black Rider* (1998), *Det folk vil ha* (2005), *Hair* (2006), *Ingen skriv til obersten* (2007), *Which Witch* (2008),
- Dansa i kilt i *La Sylphide* i Den Norske Opera
- Dansa fire år i *Carte Blanche* og m.a. framsyninga *A Tribute to the Art of Football*
- Spelt Shakespeare på engelsk i London
- Vore med på å lage to fine søner

Favorittjungelsko: Lakksko i sølv lyser veg i mørke jungelen



# lydEn av jUnGel

Av Magne Gisvold

"Rising up, back on the street", snerrar Shere Khan idet han entrar scenen. Med ei blodfersk tolking av *Eye of the Tiger* har *Jungelboka* treft gata.

- Det er ikkje tvil om at tigreren rular byen, seier komponist Atle Halstensen frå setet ved sida av. - Første vers av hiten frå Rocky-filmene er midt i blinken for alfahannen Shere Khan. Men det er ikkje meir igjen av originallåten enn melodilinja, seier Halstensen.

Det klassiske gitarriffet er borte, vraka saman med resten av åttitalskompet til originallåten. Det same er gjort med alle låtane som blir brukte i Det Norske Teatret sin versjon av *Jungelboka*; dei er strippa ned og bygde opp på nytt. Snart kjenner vi også igjen Britney Spears' *Toxic* og Aretha Franklins *Respect*. - Vi ville bruke tekstblokker som folk kjenner frå før, som folk har eit forhold til, og kle dei i ny drakt. Ved å spele på forventningane folk har til den kjende musikken, kan vi vri på ting slik at det oppstår humor og spenning. Vi har valt å re-arrangere all musikken, slik at tekstane opnar seg for fleire meiningar enn når dei hamnar i ein ny samanheng.

Samanhengen her er altså betongjungelen, som dei færraste hittil har forbunde med Rudyard Kiplings klassikar. Ulvar, apar, slangar, bjørnar og ein einsleg menneskegut breakar, klatrar og svingar seg rundt stålkonstruksjonar og skrot.



## ATLE halstensen

Yrke: komponist, medmenneske og muskar

Fem utvalde merittar:


- Kyrkjeorgeleksamen i Amsterdam
- Komposisjonen min for symfoniorkester
- Teatermusikken til *Carmen*
- Tre vakre, eigenproduserte barn
- Mopedførarkortet

Favorittjungelsko: Sandalane frå Birkenstock  
(gammalmannssko og utruleg behagelege)

## Napoleon og gartnar

På toppen av metallhaugen står Lars Larssen Naumann og Ruben Dalen og lagar lyd. Med datamaskinar, trommestikker og solide doser rytmesans leverer dei eit effektivt, urbant elektronikagroove til skodespelarane og dansarane på scenen.

# PETER baden



Yrke: muskar,  
komponist, og  
produsent

Fem utvalde  
merittar:

- Overlevd asfaltjunglen i Grorudalen frå 1979 til 1999
- Flydd hang-glider over eit atom-kraftverk i

Brasil

- Hjernen bak remixplata *Reworks* til gruppa Chillnuts
- Laga 5.1 surroundlyd med berre fire høgtalarar!
- Har laga mykje fin musikk for store og små orkester rundt om i verda

Favorittjungelsko: Ein brun Havalanas (venstre) og ein tresko (høgre)

- Ja. Det gjeld å setje seg sjølv til side, og ikkje stå i vegen for visjonen i stykket.

## Vokal-fråtsing

Frå salen ser det heller ikkje ut som Halstensen står nemneverdig i vegen. Musikken ligg som eit teppe gjennom heile framsyninga. Stemmene til skodespelarane og lydar frå scenen blir kontinuerleg sampla – altså tekne opp – og spela av igjen, med ivrig bruk av lydeffektar og filter. Betongjungelen blir utstyrt med sin særeigne klang, som utviklar seg og forandrar seg konstant. Ulvane har blitt utstyrt med sine signaturlydar, apane høyrest ikkje ut som apar som du har høyrtd dei før – men er like fullt veldig gjenkjennelege i sitt stemmebajaseri.


- Eg ser meg sjølv som Napoleon, seier Atle Halstensen utan ironi. - Eg vel meg ein hær når eg skal lage musikk til eit nytt stykke, og denne gongen har eg leita etter menneske som taklar det rå, perkussive uttrykket på scenen. Det er eit overveldande fysisk uttrykk vi har prøvd å skape, seier Halstensen, idet han hever stemma for å bli høyrd mens Naumann og Dalen hamrar laus på gongongar og på det dei finn ikring seg. Metallrekvisittane får gjennomgå.

- *Komponistrolla får eit litt anna innhald når du jobbar med eit slikt stykke?*

- Ja, rolla er utvida. Jobben min er å komponere eit total-inntrykk, og eg blir meir konseptmakar enn tradisjonell komponist. Reint praktisk så har vi ein prosess der eg arbeider med tekstforfattaren og regissøren, og tek med ideane og energien derfrå inn i produsentgruppa, der Lars Larssen Naumann, Peter Baden og Ruben Dalen er med. Eg spelar på ekstremkunnskapen deira: Sår frø, vatnar, klipper og justerer busken, som ein slags gartner.

- *Du må gi frå deg ein god del kontroll?*

# SVENN ERIK Kristoffersen



Yrke: Musikksjef

- Fem utvalde merittar:
- Tre ungar, traktor og gild kone

Favorittjungelsko:  
Orange plastboots  
som diverre er  
utslitne

- Vi har greidd å finne vokale korridorar til kvar enkelt dyregruppe, og til solistane. Du veit, alle menneske har forskjellige kvaliteter, frå grov og raspete til lys og engleaktig. Røysta er så personleg: Om du tek to menneske med lik alder, bakgrunn, utdanning og kjønn, og får dei til å syngje den same songen, så vil det alltid lyde heilt ulikt. Og ein song vil få forskjellig meining ut frå kva for røyst som syng. Somme røyster har håp, andre har stor melankoli. I *Jungelboka* har vi brukt ekstremt mykje energi i prosessen med å finne dei uttrykka som passar kvar enkelt skodespelar, som passar for kvar dyregruppe, og for kvar enkelt stemning. Er dyra trugande, sensuelle, redde? Vi har brukt mykje tid på det, og det har vore ein krevjande prosess, men eg trur det gjer opplevinga mykje rikare. Publikum skal få fråtse i nye vokaluttrykk.

Mens Halstensen snakkar, syng Kaa, i Ulrikke Hansen Døvigens skapnad, ein kviskrande versjon av Britney Spears. – Ser du? Denne er litt meir "toxic" enn originalen, seier komponisten.

– Vår jungelbok er i det heile teke mykje råare enn Disneys versjon, både musikkalsk og innholdsmessig. Vi har kokt stykket ned til basisen, essensen, og kvart enkelt musikknummer skal vere som ein buljongterning av inntrykk.

- *Kva vil du at publikum skal sitje igjen med etter å ha sett Jungelboka?*

- Det er eit veldig ambisiøst resultat vi strekkjer oss etter. Eg håpar folk blir overraska over krafta, og dei glidande overgangane mellom dans, song og dialog – og ikkje minst dei skiftande rollene: Er dei som er på scenen dansarar, songarar, skodespelarar eller musikarar? Dersom vi har klart å lage eit stykke folk opplever som spektakulært, men likevel nært, så er vi veldig nøgde.

Til nynorsk ved Arne Torp

## RUBEN dalen




Yrke: Proff musikar i Oslo

Utvalde merittar:

- Spelar i bandet The Loch Ness Mouse
- Spelar i bandet Fenomenon
- Spelar saman med Ole Børud

Favorittjungelsko: Converse

## LARS IArSsen naumanN



Yrke: Musikar

Fem utvalde merittar:

- Var med i og produserte gruppa Multicycle
- Jobba med musikk i New York
- var med i *Elektra* på Oslo Nye Centralteatret (2008)
- Komponerer og produserer for artistar -
- - og for fjernsyn, film og reklame

Favorittjungelsko: Air Force One's



# VISS (If) Av Rudyard Kipling

Viss du held hove kaldt når alle rundt deg  
trør feil og gir deg skulda attpå til.  
Viss du kan tru når ingen andre trur deg  
og ha eit ope sinn for deira tvil.

Viss du kan vente lenge og tolmodig  
og ikkje møter løgn med løgn til svar,  
og ikkje møter hat vilt og varmblodig,  
og ikkje skryter av at du er kar.

Viss draumane har rot i denne verda  
og tankane er meir enn hjernespinn.  
Viss du kan tole nederlag og æra  
med same sterke rygg og trygge sinn.

Viss du kan tole at dei vrir og vrenger  
på dine ord og legg deg løgn i munn.  
Viss du kan sjå at dei riv sund og sprenger  
ditt livsverk og tar til på same grunn.


Viss du kan samle alt det du har vunne  
og satse det på eitt og same kort,  
så tape alt, men ikkje gå til grunne,  
våge på nytt og tenkje like stort.

Viss du kan tvinge kropp og sjel og sansar  
så dei held fram når du vil falle frå.  
Så du held ut når alt inni deg stansar  
og berre viljen manar deg: "Hald på!"

Viss du kan snakke fritt om alt til alle,  
til kongen og hans hoff og til folk flest,  
til fiende og venn utan å falle,  
og friast når det kostar aller mest.

Viss du kan fylle kvart minutt som rømer  
med seksti livssekund du har på lån,  
er verda di og alt som i ho blømer,  
men mest av alt er du ein mann, min son.

Gjendikting Ola E. Bo





# ULRIKKE hansen døvigen

Yrke:  
Skodespelar



Fem utvalde  
merittar:

- Barnet mitt!
- Klatra Mount Everest. Høhø...
- Kome meg gjennom Kill Bill-sekvens utan å døy
- Ein "killer" til å lage pannekaker

- Redda ein skadeskoten elefant frå å døy

Favorittjungelsko: Rund tå, høg hæl,  
lilla skinn..

# YAVUZ topuz

Yrke: Dansar

Fem utvalde merittar:

- Vinnar av Red Bull Beat Battle, verdsmeisterskap i breaking (2005)
- Vinnar Red Bull BC One, Tyrkisk meisterskap (2007)
- Koreografi og dans i samband med show under Formula 1 i Istanbul (2007)
- Nøtteknekkeren på Oslo Nye Teater (2007)
- Vinnar av tyrkisk meisterskap i breaking og pris for beste B-boy (2008)

Favorittjungelsko: Puma



# språk i tigerstaden

Av Ola E Bø

## BERNHARD Amstad



Yrke:  
Skodespelar

Fem utvalde me-  
rittar:

- Azdak i *Kritt ringen* av Bertolt Brecht på Hålogaland Teater (1978), regi Pål Løkkeberg/Lennart Lidström
- Jeppe i *Jeppe på Berget* av Ludvig Holberg.

Telemark Teater (1980), regi Jan Bull.  
Riksteatret (1990) med regi Barthold Halle

- *Kontrabassen*, ein monolog av Patrick Süskind på Trøndelag Teater (1983) + diverse turnear og gjestespel med regi Wolfgang Kolneder
- Kalle i Barne-TV-serien *Kalle og Molo* i NRK frå 2004/05 og som går i reprise dette året
- Nick Stump/Pyramus i *Ein Midtsommar-nattsdraum* av William Shakespeare på Det Norske Teatret (1997), regi Silviu Purcarete

Favorittjungelsko: Joggesko  
I asfaltjungelen: Sandalar

I *Jungelboka 2008* er Kiplings jungel blitt til ein dystopisk asfaltjungel, ein Tigerstad der ingen skulle tru at nokon kunne bu, men der menneske-  
dyr av ulike, men høgst gjenkjennelege slag prøver å halde livet gåande. Vi ber språkforskaren Unn Røynealand ved Universitetet i Oslo om å fabulere litt over språklege utviklingstrekk i den framtidige storbyjungelen.

- Vil dei verste spådommar slå til, går vi mot eit munnleg "samnorskhelvete"?

- Viss du med "samnorskhelvete" meiner at det vil bli mindre språkleg variasjon og mangfald i Tigerstaden, så trur eg neppe det. Det språklege mangfaldet blir nok heller større. Også i dag er storbyen prega av å vere ein språkleg møteplass. Ingen annan stad i landet blir det snakka så mange ulike dialektar, sosiolektar og språk – inkludert blandingsdialektar og blandingsspråk. I Tigerstaden kan ein høyre sunnmørsk og sørlandsk, svensk og swahili, hyppige språkvekslingar og "knot". Alt saman i ei stor herleg språkrøre.

- Du deltar i eit forskingsprosjekt som kallar seg UPUS (Utviklingsprosessar i urbane språkmiljø), kva er det de undersøker og kva finn de?

- Vi som jobbar med dette prosjektet i Oslo, studerer språket til ungdom i fleirkulturelle miljø her i byen. Det vi finn, er først og fremst eit vel-

# ELISABETH sand



Yrke: Skodespelar

Fem utvalde merittar:

- *Jeg er ikke silk* (2007)
- Ofella i *Hamlet* på Det Norske Teatret (1987)
- Tittelrolla i *Frøken Julie* på Det Norske Teatret (1993)
- Med i filmen *Herman* (1990)
- Med i filmen *Telegrafisten* (1993)

Favorittjungelsko: Mine gamle karakter-  
sko, like gode til kvardags som til fest.

dig stort språkleg mangfald. Ungdommane i desse miljøa har eit breitt språkleg repertoar – dei kan gjerne mange ulike språk og mange ulike utgåver av norsk – inkludert ein såkalla multietnisk blandingsdialekt. Denne dialekten, som har oppstått i møtet mellom ungdom med ei rekkje ulike språklege bakgrunnar, inneheld lånord frå mange ulike språk, har eit spesielt tonefall og

særskilte grammatiske trekk som vi også kan

finne i tilsvarande blandingsdialektar i nabolanda våre.

Denne dialekten er likevel ikkje veldig stabil og einsarta, men meir flytande. Den kan variere ein del frå plass til plass i byen, frå gruppe til gruppe og er i stadig endring – som alt språk jo er.

- *Det gamle, klassiske skiljet i Oslo er jo aust eller vest for Akerselva, er den tida forbi?*

- Nei, den tida er nok ikkje heilt forbi, sjølv om forskjellane dels er færre og dels andre. Unge menneske på Grünerløkka og på Majorstua snakkar ikkje nødvendigvis så ulikt lenger. Det er lite 'bannan og 'benssin på løkka og lite *solen* og *stuen* på Majorstua. Både i aust og i vest er det Osjlo med sj-uttale som rår grunnen. Gamle forskjellar er på den måten i ferd med å forsvinne, og unge i aust og vest nærmar seg kvarandre språkleg, men nye forskjellar har også dukka opp. Dei multietniske språkstilane vi studerer i UPUS, er for eksempel typiske for ungdom aust for Akerselva. Generelt er det nok slik at språkjungelen har vorte tettare, generasjonskløfta større og dei språklege arenaene den enkelte må beherske fleire.

- *Kva kunne du ønskje deg av eit teater som vil treffe ungdommen heime i den moderne storbyen, eller for den saks skuld, den moderne bygdebyen?*

# RUNE svendSen



Yrke: Skodespelar og songar

Fem utvalde merittar:

- Student ved Opera- och Teaterhögskolan i Göteborg
- Bjørn Liland i *Hotell Cæsar* TV2
- Billy Bigelow i musikalen *Carousel*
- Artisten/Teaterhögskolan i Göteborg
- Tryllekunstnar i ulike TV-sendingar som 14-åring (nostalgi)
- Kan gå baklengs på rollerblades

Favorittjungelsko: Puma sjølvsgat

## LIV-ELLEN

n. kahr's



Yrke: Student og kjendisfotograf på si

Fem utvalde merittar:

- Den første fram-syninga eg var med i på Nathional-theatret, *Reisen til julestjernen* (1994)
- Utdanna ved Bårdar Akademiet, musikal-lina. Sluttproduksjon *Company* på Oslo Nye Centraltheatret (2006)

- Tok fem piruettar ein gong i 12-årsalderen
- Snart ferdig utdanna ved Opera- og Teaterhøgskolan i Gøteborg

Favorittjungelsko: Barbeint


- Eg kunne ønskje meg at nettopp dette språklege og kulturelle mangfaldet blir reflektert. Vi blandar språk og dialektar. Vi kodevekslar og knotar. Det er ikkje slik at ein blir "fødd med" eitt språk eller ein dialekt og så held på den resten av livet. Det moderne mennesket flyttar på seg, møter andre dialektar og språk og brukar språk i ein rekkje ulike samanhengar og til ulike føremål. Alle varierer vi språket vårt etter kvar vi er, kva vi gjer og kven vi snakkar med. Det normale er å variere og veksle – ikkje å snakke på ein måte alltid. Det er naudsynt for oss å kunne meistre mange ulike språklege arenaer, og difor har dei fleste av oss eit vidt språkleg repertoar. Eit teaterspråk som ikkje reflekterer dette, kan fort bli sterilt og dødt. I likskap med Mowgli må vi menneske kunne mange språkkodar for å navigere i den moderne storbyjungelen – og andre junglar.

I framsyninga er det musikalske utdrag frå:

*Eye of the Tiger* (Survivor), *Rhythm Nation* (Janet Jackson), *Theme from Shaft* (Isaac Hayes), *One Love* (Bob Marley), *It's not unusual* (Tom Jones), *No matter What* (Boyzone), *Banana Boat* (Harry Belafonte), *Kill Bill Theme*, *Boogie Wonderland* (Earth, Wind & Fire), *Toxic* (Britney Spears), *Respect* (Stax), *Theme from Rocky* (Bill Conti), *Man in the Mirror* (Michael Jackson).

## MARCUS

andreassen



Yrke: Breakar og DJ

Fem utvalde merittar:

- VM i breaking med *Ghost Crew*, Seoul, Korea (2008)
- Nordisk meister i BC One og vidare til VM i Sør-Afrika (2007)
- *Nøtteknekkeren* på Oslo Nye Centralteatret (2007)

- *West Side Story* på Oslo Nye Teater (2006)
- Noregsturné med framsyninga *Evolution of Style* med Atomic B-boys i samarbeid med Riksteatret (2003)

Favorittjungelsko: Converse All Star

# JON EIVIND

gulldord

Yrke: Skodespelar og frukthandlar




- Fem utvalde merittar:
- Hyperaktiv katt med kule mage i *Tasten med T* på Det Norske Teatret (1988)
  - Husvarm bever med hell pels og store framtenner i *Draumen om Narnia* på Det Norske Teatret (2002)
  - Idiotpiraten Rambashi i *Fyrverkerimakarens dotter* på Det Norske Teatret (2006)
  - Konge med alvorleg hud-

sjukdom i *Richard III* (2007) og *Henrik IV* (2008) av William Shakespeare på Det Norske Teatret

Favorittjungelsko: Gule og spisse



## MATHIAS JIN budtz



Yrke: Dansar

Fem utvalde merittar:

- Funne den norske kjærasten min
- Lært meg å danse
- Reist rundt i verda
- Med i *Jungelboka* på Det Norske Teatret

- Sprunge maraton

Favorittjungelsko: Air Trainer 1

## THEA BAY



Yrke: Dansar

Fem utvalde merittar:

- *Cabaret* på Oslo Nye Teater (2000)
- *Chicago* på Oslo Nye Teater (2001)
- *Evita* på Chateau Neuf (2005)
- *West Side Story* på Oslo Nye Teater (2006)
- *Nøtteknekkeren* på Oslo Nye Centralteatret (2007)

Favorittjungelsko: Converse

Yrke:  
Dansar og  
koreograf

## JENS JEFFRY TRINIDAD



Fem utvalde merittar:

- Medlem av Norges leiande hip hop-gruppe *Cre-8*
- Har koreografert for *So you think you can dance – Scandinavia* (2008) og *Dansefeber* (2007)
- Fast koreograf og dansar for artistane Samsaya og Wisnu
- Med i *Dark Night of the Soul*, Katrine Bølstad Kompani under Urban Moves 2008
- Undervist i hiphop/dans i Oslo-området og halde workshops fleire stader i Noreg

Favorittjungelsko: Customized nikez

## SANDRA GERECKE



Yrke: Dansar og  
koreograf


Fem utvalde  
merittar:

- Nelly Furtado  
MTV European  
Music Awards  
(2006)
- Dansar i *DIDA*  
vist under Nord-  
lysfestivalen  
2008 og African

History Week 2007

- Fast danser for Samsaya frå 2007
- Assistent for Beverly Brown på Broadway Dance Center frå 2003 til 2006
- Fast tilsett på Bårdar Akademiet og Bårdar Danseinstitutt frå 2006

Favorittjungelsko: Ninjasko



[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)

det norske teatret



Depotbiblioteket

Jungelboka



09sd00777



Statkraft